

Valmedarbeidaropplæring 2019

- Kommune- og fylkestingval 2019
- Valdagen – også kalla valtinget - 09.09.2019



Plan for samlinga

- Velkommen og Praktisk info (Marianne)
- Generell valinformasjon (Elisabeth F)
- Rutinar på valdagen - Arbeidsoppgåver og ansvar
 - Før opning (Aina)
 - Under valtinget (Aina)
 - Etter stenging (Gunn Sissel)



Eit historisk val

- Valet 2019 er eit historisk val for Os og Fusa
- Val til Bjørnafjorden kommune og Vestland fylke

- Takk til alle valmedarbeidarane!
- Også eit kyrkjeval – samarbeid med sokneråda - men tydeleg separate val



Kvifor opplæring?

- Medverka til at formålet vert realisert: «borgerne ved frie, direkte og hemmelige valg skal kunne velge sine representanter» fylkesting og kommunestyre.
- Medverka til ei teknisk rask og riktig gjennomføring og valresultat
- Valmedarbeidarane er «valet sitt ansikt utad»
- Sikra lik forståing og handsaming
- Redusera faren for feil og misforståingar




Praktisk info

- Materiell til vallokala
- Rigging av lokala – forventningar og tidspunkt
- Vakter
- Mat og drikke
- Kompensasjon
- Bistand på valdagen



Utforming av vallokalet: Ikkje lovbestemt



Generell valinformasjon




Viktige prinsipp ved val

- Ein veljar, ei røyst (til kvart av vala)
- Hemmelege val
- Openheit i førebuing og oppteljing



Organisering av Bjørnafjorden-valet



Valdagen – roller og arbeidsfordeling

- Alle valmedarbeidarar har ansvar for at valavviklinga er i samsvar med lov, forskrift og innan dei rammer som valstyret har vedteke.
- Alle er valmedarbeidarar og skal – under leiinga til røystestyret - dela på oppgåvene:
 - Rettleia, informera og passa køar
 - Røystemottak
- Som valmedarbeidar skal du medverka til at valet vert gjennomført på ein god og trygg måte slik at:
 - alle med røysterett skal få høve til å røysta
 - alle får gitt røysta si «usett og i enerom»
 - ingen får røysta fleire gonger – «én velger - én stemme»
- Veljar kan i år røysta ved 2 val - både kommunestyre- og fylkestingsvalet. Det vil bli nytta 2 urner for å sikra at ein veljar berre får ei røyst ved kvart val. Effektiviserer samtidig oppteljing.



Hemmelege val – obs. teieplikt

- Alle som er involverte i valet har teieplikt, dvs. teieplikt om m.a. den einskilde si røystegjeving, forbruk av røystesetlar, personopplysningar i manntalet og anna valmateriell.
- Teiepliktskjema.
- Teieplikta gjeld óg etter at du har avslutta tenesta eller arbeidet.



Røysterett – kommunestyre/fylkestingval

- Alle som står i manntalet har røysterett.
- Røysterett til kommunestyre- og fylkestingsvalet:
 - Norsk statsborgar. Du må fylla 18 år seinast 31.12.2019.
 - Du må vera innført i det norske folkeregisteret.
 - Statsborgar frå eit anna nordisk land som er registrert som busett i Norge 30. juni i valåret
 - Andre utanlandske statsborgarar som har vore registrerte i folkeregisteret som busett i Noreg dei tre siste åra før valdagen.
- Ein norsk statsborgar som har budd meir enn 10 år i utlandet, fell ut av manntalet. Veljaren må søkja om å bli innført i manntalet på nytt for å kunna røysta. «Søknad om å bli innført i manntalet» ligg i perm. Veljaren kan fylla ut skjemaet og levera det saman med røystegjevinga.
- Sjekk med valsekretariatet dersom det oppstår tvil om kva kommune veljar høyrer til.



Manntalet

Oversikt alle med røysterrett ved dette valet. Ligg ute t.o.m. valdagen på rådhusa i Os og Fusa.

Folkeregisteret er grunnlaget for manntal

Adressa i folkeregisteret pr 30.06 avgjer kva kommune veljar har røysterrett i.

På valdagen: Elektronisk manntal, for oppslag, søk og avkryssing - EVA



Valkort og legitimasjon

- Alle som står i manntallet, får valkort. Valkort er ikkje legitimasjon. Veljar treng ikkje ha valkort med seg.
- Veljar - som ikkje er kjent for røystemottakar - må vise legitimasjon når dei skal røyste.

Gyldig legitimasjon døme:

- Pass
- Førarkort
- Posten sitt ID-kort
- Bankkort m/bilete

Legitimasjon må innehalde:

- namn
- bilete
- fødselsdato



Media

- Leiar av røystestyret/røystestyret har ansvar for kontakt med media, ev. vis til valsekretariatet v/Marianne Kramer eller valstyret.
- Ikkje ta bilete eller filma inne i valglokalet utan løyve.



Setlar kommune/fylkeestingval

- NB – gje rettleiing og sjekk undervegs for å sikra at veljar får røysta ved begge vala dersom veljar ønskjer det.

Vis til rettleiing på røystesetlane.

- 17 parti fylkestingsval + blank
-
- 9 parti kommuneval + blank
 - Kan gje ekstra stemme – kryss i ruta framfor kandidat
 - Gje «slengar» - føre opp kandidat frå anna parti- inntil 8 kandidater

Kan ha med seg røystesetlar kommune – fylke – må innom røysteavlukke



Tryggleik

- Den norske valgjenningføringa er eit system som, ved hjelp av eit sett av reglar, verkar saman for å velja representantar til demokratiske organ:
- Valmedarbeidarar, røystestader, røystesetlar, urner, stempel, forsegling, kjøretøy, IT-system, planlegging, avvikshandtering, tilgangsadministrasjon, mm



Tryggleik, ROS, og tiltak

- **Som røystestyre og valmedarbeidarar må vi medverka saman med overordna organ for å gjennomføra val som har høg tillit: tryggleik i alle deler av valgjennomføringa**
- **Gjer ei ROS-vurdering på førehand:**
 - Det må alltid vera 2 personar til stades samtidig i vallokala frå tillaging av urner/forsegling til valmateriellet laga klart til sending og under transport til Os rådhus.
 - Gå aldri frå PC-en pålogga – lås PC
 - EVA – lån aldri bort eller bruk aldri andre sin pålogging i EVA
 - Ha alltid kontroll på valmaterieill, røystesetlar, urner, stempel, forseglingsmaterieill
 - Sørg for at oppteljing følgjer vedtatt rutine
 - Transport av røystesedlar etter stengetid i høve til rutine



Valrutiner



Røystestyret sine oppgåver - sjekklister

- Før valdagen – sjå sjekkliste ID:val-01
- Lag plan for valdagen – pausar
- Tryggleik, opplæring, behov for meir?
- Valmedarbeidarar – avhengig av kor stor valkrinsen er: Ute? Ved dør, ved avlukka/ køordnarar, to ved kvart kryssebord
- Melde inn kven som skal være pålogga EVA
- Lage vaktlister - Bruk gjerne Mobilise til å informera og kommunisera



Rutiner før opning – sjekkliste ID: val-02 og val-03

- Sjekk materiell, røystesetlar, oppsett av lokalet
- Kontroller PC, hugs BankID el.l.
- Gå gjennom rutinar, bemanningsplan, branninstruks etc
- Sørg for at alle Underskriv teieplikterklæring
- Røystestyret må vera nøye på at dørene blir opna og stengde nøyaktig på dei tidspunkta som er vedtekne



Ordensreglar, utanfor og ved vallokale, sjekkliste ID: val-04

- "Velkomen! Har du hugsa legitimasjon?« 😊
- «Gå først til eit avlukke, ta setel og brett setelen medan du er i avlukket (vis korleis setelen skal brettast). Gå deretter til registrering/ manntalsavkryssing og få stempel på setelen før du sjølv legg i urna».
- Det er ikkje lov å drive valagitasjon eller veljarundersøkingar i vallokalet eller rom som veljar må passera.
- Det er ikkje lov å føre kontroll med kven som møter fram og røyster.
- Det er ikkje lov å utføre handlingar som kan forstyrre eller hindre normal gjennomføring av valhandlinga. Leiar/nestleiar kan visa vekk.



I lokalet - ved avlukka, sjekkliste ID: val-05


Det er hemmeleg val. Alle veljarar skal gå innom eit avlukke, sjølv om dei har røystesetel med seg.

Kjem veljaren ut av avlukket med røystesetel bretta feil veg, skal veljaren visast tilbake til avlukket for å brette setelen rett.

Køordnar/valmedarbeidar skal sørge for at det ikkje dannar seg kø på stader kor det er fare for å forstyrre valgjenninga eller at valhandlinga ikkje blir hemmeleg.

Det skal ikkje vere kø framfor kryssborda.





Ved avlukka (forts.)

- I avlukka skal det alltid vere nok røystesetlar
- På skriveplata skal det liggje informasjon om korleis ein rettar på røystesetelen.
- Det må alltid vere kulepenn i avlukket.
- I tillegg skal minst eitt avlukke ha lupe, som også må festast med tråd til avlukket.
- Kontroller jamleg at det er omtrent like mange røystesetlar for kvart parti, og at rett røystesetel ligg i rett partihylle.



Ved avlukka (forts.)

Berre ein veljar i avlukket. Fleire veljarar skal ikkje opphalde seg i avlukket samtidig. Unntak er om nokon treng hjelp.

Blinde og svaksynte vert viste til avlukket som har merking med blindeskrift.

- *Veljar som treng hjelp, kan få det av ein valmedarbeidar. Veljar med alvorleg nedsett fysisk eller psykisk funksjonsevne kan peike ut ein ekstra hjelpar blant dei personane som er til stades i valglokalet.*
- **Merk at følgjande regler gjeld i desse tilfella:**
- • Den ekstra hjelparen skal være peikt ut etter veljarens eige val
- • Ein valfunksjonær skal alltid være med veljaren i tillegg til den ekstra hjelparen. Dette gjeld og i valavlukka
- • Valfunksjonæren skal gjøre hjelparen merksam på at vedkomande har teieplikt



Oppgåve 1

En veljar kjem inn i vallokalet i følgje med mannen sin. Mannen går inn røysteavlukket i lag med kona si.

Du er rettleiar i vallokalet.

Kva gjer du?

Kva tiltak kan vi ha for å førebyggja?



Oppgave 2

Ein veljar kjem synleg rusa inn i vallokalet. Han er roleg, men luktar kraftig alkohol og sjanglar frå side til side.

Kva gjer du då?



Ved kryssebordet under valtinget, sjekkliste ID: val-06

- **Lovfesta at det alltid skal vera to personar ved kryssebordet.** Desse deler arbeidet mellom seg. Samarbeida for å kvalitetssikra og dobbeltsjekka utføringa av oppgåvene. Ro i lokalet – særleg ved kryssebordet. Dette for å førebyggja avvik. Tilkall røystestyret ved avvik.

- **Berre ein veljar fram til bordet om gongen.**

Opptre høfleg og tydeleg overfor veljarane. La det aldri oppstå diskusjonar ved kryssebordet. Ta problem opp med røystestyret.

- Røystemottakar skal ikkje ta i røstesetelen! Ha god kontroll med urna og la aldri urna stå åleine. Pass godt på stempelet.
- Er du usikker på rutinar, kontakt røystestyret. Tilkall hjelp ved problem. Kryssar du feil person, må du straks melde feilen til røystestyret, som loggfører alle feil.



Ved kryssebordet (forts.)

Valmedarbeidar 1:

- **Sjekk av legitimasjon og avkryssing samt følg med på rutinane som valmedarbeidar 2 gjer:**
 - *Sjekk: Er setlane bretta rett veg – hvis ikkje må veljar tilbake i avlukket - gje ev. ny rettleiing om at det er 2 val – rosa og blå*
 - *Be veljar om legitimasjon (krav for veljar som er ukjent for røystemottakar) og ev. valkort.*
 - *Finn personen i manntalet :
Scann strekkode på valkort.*
 - *Evt. om personen ikkje har valkort, må du finne personen manuelt (søk med personnummer 11 siffer. Eller manuelt søk)*
 - *Stemmer valkort og legitimasjon med personen som står framom deg?*
 - *Avkryssing: Registrer røystegjevinga i EVA*



Ved kryssebordet (forts.)

Valmedarbeidar 2: STEMLING OG URNEVAKT

- Ha god kontroll med urna t.d. ha urna på ein stol ved sida av bordet.
- Pass godt på stempelet. Hugs at du som røystemottakar ikkje har lov å ta i veljaren sin røystesetel.
- Berre **EIN VELJAR** fram til bordet om gongen, er setelen /setlane bretta slik at det er hemmeleg val.
- **Følg med på rutineane som valmedarbeidar 1 gjer.**

STEMPLING

- Stemple røystesetelen/røystesetlane i ruta utan å ta i røystesetelen.
- Feilstempling? → Stemple på nytt. Alle røystesetlar må stemplast.

URNEKONTROLL – 2 urner - 1 til fylkestingsvalet og 1 til kommunestyrevalet (fargekoda)

- Sjå til at veljar sjølv legg stempla setel i rett urne (bruk spjeldet til å stenge/opne eller bruk eit ark til å markere open/lukka urne). Rosa i urne for kommunestyret. Blå i urna for fylkestinget.
- Meld frå til røystestyret og før avvik/logg:
Er de heilt sikre på at det vert det lagt ustempla setel i urna, kan veljar hente ny setel som blir stempla og lagt i urna. Ingen andre veljarar vert betente medan dette går føre seg. Episoden skal loggførast av røystestyret.



Oppgave 3

Korleis førebyggjer vi at veljar legg røystesetel /røystesetlane i urnene før han/dei vert stempla?

- Kva tiltak set de i verk i ditt vallokale?



Oppgave 4

Veljaren som kjem inn har ikkje med seg legitimasjonen sin. Ein av dei andre veljarane stadfestar identiteten han. Du har sett han fleire gonger før men kjenner ikkje veljaren.

Du sit som avkryssar.
Kva gjer du?



Oppgave 5

Ein veljar kjem bort til kryssebordet. Då du skal stempla ser røystesetelen litt tjukk ut og du skimtar noko blått og rosa inni bunken.

Kva gjer du då?



Utestemming – sjekkliste ID: val-07

Alle som er i stand til det, skal gå inn i vallokalet og røyste på vanleg måte. Berre veljarar som ikkje klarer å kome inn i vallokalet, kan få røyste ute.

- Informer røystestyret, som gjer klart til utestemming.
- To personar går ut: Be om legitimasjon og valkort og sjekk desse mot kvarandre. Viss valkort manglar, noter veljaren sitt namn, fødselsdato og adresse.
- **Sjekk mot manntalet i EVA**



Utestemming (forts.)

1. Veljar får utlevert røstesetelsetta dersom han vil røysta ved begge val.
2. Veljar vel ut den setelen han/ho vil bruke
3. Stemple setelen eller setlane til begge vala.
4. Den eine valmedarbeidaren går til kryssebordet og får veljar kryssa/røyst registrert i manntalet.
5. Veljar legg røstesetlar i rett urne.
6. Veljar skal behalde resten av røstesetelsetta.
7. Ta med stempel, kulepenn og urne tilbake til røystestyret.



Særskild røystegjeving, sjekkliste ID: val-09

Viss du ved kryssebordet ikkje finn ein veljar i manntalet eller det allereie er sett kryss i manntalet, viser du veljaren til leiar av røystestyret.

Dersom veljar insisterer på å røyste på nytt eller hevdar at han/ho ikkje har røysta før, må røystegjevinga foretas i **særskilt omslag**.

Veljaren skal få røyste, men veljar skal ikkje leggje røysta si i den ordinære urna, men i ei eiga urne.



Særskild røystegjeving (forts.)

Mottaket skal skje ved leiar sitt bord:

1. Be om legitimasjon
2. Stemple røystesetelen/setlane dersom veljar vil røysta ved begge val.
3. Lever ut ein brun røystesetelkonvolutt og be veljar leggje røystesetelen i konvolutten og lime den igjen.
4. Legg den brune røystesetelkonvolutten i ein **kvit omslagskonvolutt**
5. **Fyll ut felta på utsida av konvolutten. Kryss av for:**
 1. Veljaren har allereie levert stemme
 2. Veljaren er ikkje funnen i manntalet
6. Veljar legg sjølv den kvite omslagskonvolutten i ei eiga urne merka *Røystegjevingar i særskilt omslag*.

Dersom ein veljar må røyste særskilt på grunn av tidlegare feilregistrering i vallokalet, må ein merke konvolutt med **«feilregistrert», grunn og loggføringsnummer.**



Beredskapskonvoluttar

- Om det ikkje er mogeleg å bruke elektronisk manntal, skal røyster skje i beredskapskonvoluttar:
 1. Be om legitimasjon.
 2. Stemple røystesetelen –røystesetlane dersom veljar skal røysta ved begge vala
 3. Lever ut ein brun røystesetelkonvolutt og be veljar leggje røystesetelen/røystesetlane i konvolutten og lime den igjen.
 4. Legg den brune røystesetelkonvolutten med valkort i ein *oransje omslagskonvolutt, slik at opplysningane på valkortet viser i vindauget på konvolutten. Om veljar ikkje har med seg valkort → fyll ut valkort manuelt.*
 5. Veljar legg sjølv den kvite omslagskonvolutten i ei eiga urne merka med *Beredskapskonvoluttar.*



Når vallokale stenger



Vallokala stengjer presis kl 21.00, sjekkliste ID: val-10

- Nestleiar/røystestyremedlemmet er ansvarleg for å stengja dørene
- Dei som har møtt opp får røysta
- Ved evt. kø – marker sistemann som har møtt opp før kl 21.00 eller forsøk å få alle innanfor ei ytterdør.



Rydding av lokalet før oppteljing

- Røystestyret ansvar for organisera og gjera klart
- Før urnene blir opna, må alle røystesetlar som ikkje er brukt, leggest i tilbake igjen i brune pappesker og fjernast frå lokalet, eventuelt setjast til side slik at dei ikkje kan blandast med oppteljinga.
- Borda i lokalet setjast saman i passande seksjonar for tømning av urnene. OBS – tel opp kvart val for seg.
- På oppteljingsborda må det setjast fram ein kasse for "tvilsame røyster". I denne kassen skal ein legge alle røystesetlar som ikkje kan lesast maskinelt eller setlar som ikkje har stempel.



Oppgåver ved kryssbordet/røystestyret når valtinget stenger, sjekklister ID: val-11

1. Logg av EVA, lever stempel til leiar.
2. Opne urne med «røyster i særskilt omslag» og urne med beredskapskonvoluttar.
3. Tel og kontroller tal på konvoluttar.
4. Lever konvoluttar og tal til leiar og nestleiar:
 1. Tal på særskilde røystegjevingar
 2. Tal beredskapskonvoluttar
5. Røystesetelurne plasserast på teljebord til røystestyremedlem. Tel opp fylkestingsvalet for seg og kommunestyrevalet for seg.
6. Delta i oppteljing av røystesetlane.
7. Føre møtebok
8. Pakka og forseгла.
9. Laga kvittering og skriva under . Ikkje dei same som leverer på rådhuset.
-
- Delta i nedpakking av utstyr



Sortering og teljing av røystesetlar, sjekkliste ID: val-13

(Urnene **må ikkje** opnast før alle stempel er levert til leiar, og alle ubrukte røystesetlar er fjerna frå oppteljingsrommet, eventuelt sett til side slik at dei ikkje kan blandast **med oppteljinga**.)

Følgjande skal gjerast for begge vala kvar for seg:

1. **Setlar i urna** skal teljast og kontrollteljast. Brett dei ut og la dei vera utbretta.
2. Setlar med stempel skal fordelast på parti
3. Blanke setlar for seg.
4. **Tvilsame røystesetlar** leggst i eigen bunke:
 - Røystesetel som ikkje kan lesast maskinelt (dvs. alt som ikkje er ordinære røystesetlar).
 - Røystesetel utan godkjend stempel.

Andre bunker:

1. Særskilde konvoluttar i eiga bunke
2. Beredskapskonvoluttar i eiga bunke



Teljing av setlar og kryss i manntal, sjekkliste ID: val-14

Tel og kontrolltel ordinære røyster, tvilsame, røyster i særskild omslag og ev. beredskapskonvoluttar. Same person tel ikkje same same bunke to gonger.

Kryss i manntalet

Kryss i manntalet kjem opp i EVA .

Røyster i særskilt omslag

Tal på konvoluttar særskilt omslag teljast.

- **Konvoluttar i særskild omslag og beredskapskonvoluttar skal ikkje opnast!**
- **Det skal aldri vere fleire røystesetlar til eit val enn det er kryss i manntalet.** Er det avvik må dette forklarast i EVA. Sjekk logg for avviksmeldingar.
- **Registrera i EVA og ta ut møteprotokoll som vert underskriven.**
- Tala vert levert røystestyret sin leiar som i samarbeid med /i påsyn av nestleiar fører inn i EVA.



Pakking av valutstyr, sjekkliste ID: val-16

Røystesetlane, inklusiv dei blanke og tvilsame, leggst partivis sortert **same veg og utbretta** i plastkorgar.

Følgjande skal i aluminiumskassen:

- Korgar med røystesetlar, tvilsame.
- Forsegla pose med stempel og samlekonvolutt med røyster i særskild omslag og ev. beredskapskonvoluttar
- Valperm med møtebok, logg, avviksskjema, liste for godtgjering.

Kassene har hòl i handtaka slik at desse kan forseglast med forseglingsstrips. Røystesetlane skal plasserast i plastkorgar i Alu-kassene.

Røystesetlane vil bli lesne maskinelt ved finteljing på rådhuset.



Transport av valutstyr til rådhuset, sjekklister ID: val-17

1. Når teljing er ferdig, skal leiar og nestleiar kjøra forseglede kassar, posar med m.a. møtebok, røystesetlar inn til Os rådhus.
2. I eigen bil vert det kjørt stempler og forseglingsutstyr og anna valutstyr.



VALSPØRSMÅL ELLER INNSPEL?

- HAR DU SPØRSMÅL ELLER INNSPEL?
 - Dela beste praksis og tips

